



NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

ØKONOMIEN I JORDBRUKET I AGDER-FYLKA OG ROGALAND 2016

Trender og utvikling 2007-2016

Tabellsamling 2012-2016

NIBIO RAPPORT | VOL. 4 | NR. 17 | 2018



MARIUS BERGER, TORBJØRN HAUKÅS, HEIDI KNUTSEN
Divisjon for kart og statistikk/Driftsøkonomisk analyse

TITTEL/TITLE

Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2016. Trendar og utvikling 2007-2016

Tabellsamling 2012-2016

FORFATTER(E)/AUTHOR(S)

Marius Berger, Torbjørn Haukås og Heidi Knutsen

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
12.02.2018	4/17/2018	Åpen	14306	17/00916
ISBN: 978-82-17-02041-7	ISSN: 2464-1162		ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES: 102	ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:

OPPDAGSGIVER/EMPLOYER:

Landbruks- og matdepartementet

KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Torbjørn Haukås

STIKKORD/KEYWORDS:

Driftsøkonomi, foretaksøkonomi

FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Regional økonomi Agder og Rogaland

SAMMENDRAG/SUMMARY:

Rapporten viser ei oversikt over utviklinga i landbruket dei siste 10 åra i Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder. Driftsgranskningane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2016 var det med totalt 920 bruk, der 157 var frå Agderfylka og Rogaland; 101 i Rogaland, 29 i Vest-Agder og 27 i Aust-Agder. Resultata for 2016 viser eit godt år for driftsforma mjølk og storfekjøt, samt mjølk og gris på Jæren som oppnådde høgast jordbruksinntekt per årsverk dette året. For driftsformene mjølk og storfe, samt mjølk og sau i Andre bygder var resultatet uendra. Lågast jordbruksinntekt hadde sauebruk i Andre bygder. Nettoinvesteringane auka markant i Andre bygder, medan dei gjekk ned på Jæren samanlikna med året før. Samla gjeld auka i Andre bygder. På Jæren var gjelda lågare enn året før.

LAND/COUNTRY:

Norge

FYLKE/COUNTY:

Hordaland

KOMMUNE/MUNICIPALITY:

Bergen

STED/LOKALITET:

Rogaland

GODKJENT /APPROVED

Geir Harald Strand

PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER

Torbjørn Haukås

NAVN/NAME

NAVN/NAME



NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Forord

Driftsgranskingane er ei årleg rekneskapsgransking som omfattar om lag 920 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og lokal differensiering vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Denne rapporten inneheld lokale data frå Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland.

Rapporten er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre fylka. I alt omfattar granskinga 101 bruk frå Rogaland og 56 bruk frå Agder-fylka. Bruka vert delt inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder».

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg prosjekt som krev stor innsats av medarbeidarar ved alle kontora som jobbar innanfor driftsøkonomisk analyse. NIBIO-kontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Agder og Rogaland. Vi ønskjer spesielt å takke alle deltagarane i driftsgranskingane som har bidrege med opplysningar.

Torbjørn Haukås har vore prosjektleiar for driftsgranskingane medan Marius Berger har skrive rapporten med bidrag frå Heidi Knutsen og Torbjørn Haukås. Geir Harald Strand har lese gjennom rapporten, og Anne Bente Ellevold har klargjort manus for trykking.

Bergen 12.02.18

Torbjørn Haukås

INNHOLD

1	Innleiing	5
2	Driftsresultatet for jordbruket i Rogaland og Agder 2016	6
2.1	Jæren	6
2.2	Agder og Rogaland utanom Jæren	7
2.3	Samla oversikt for 2016.....	8
3	Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret.....	10
3.1	Resultatmål i jordbruket.....	10
3.2	Totaløkonomi	14
3.3	Nettoinvesteringar, gjeld og gjeldsprosent	15
3.4	Inntektsverknad av jordbruksfrådraget.....	18
4	Mjølkebruk med og utan mjølkerobot i Agder og Rogaland.....	21
5	Tabellsamling 2012-2016.....	26
6	Forklaring på faguttrykk i tabellsamlinga	101

1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskinga alt i 1911. Granskinga vart overtaken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI) ved opprettinga i 1947. Etter fusjonen mellom sekretariatet for Budsjettinemnda for jordbruket og NLI til Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) i 1986, vart driftsgranskingane overtatt av NILF. Frå 1. juli 2015 gjekk NILF inn i Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og driftsgranskingane vert ført vidare innafor det nye instituttet.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forsking og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og innspeil til offentleg politikk og forvalting. Granskingane skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane, dei siste åra er tal deltakarbruk noko redusert. I 2016 var det i alt med 920 bruk i driftsgranskingane, dessutan leverte 20 samdrifter data til undersøkinga. Tal frå samdrifter blir handsama separat og er ikkje med i driftsgranskingsmaterialet. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekruert ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekke ut frå tilskotsregisteret til Landbruksdirektoratet. Utrekte bruk skal ha ei standard omsetning større enn kr 150 000. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 70 år. Kvart år vert knapt 10 prosent av deltakarbruka skifta ut.

Det var 56 bruk frå Agder-fylka og 101 bruk frå Rogaland som var med i driftsgranskingane i 2016. Dei 157 bruka er fordelt på to regionar, Jæren med 62 bruk og Agder og Rogaland andre bygder med 95 bruk.

Kapittel to inneholder hovudtala for Agder og Rogaland som omhandlar driftsresultatet i jordbruket for året 2016. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. Kapittel fire ser nærmare på forskjellen mellom mjølkebruk med og utan mjølkerobot i regionen. Kapittel fem er sjølv tabellsamlinga som inneholder tal frå driftsgranskingane for Agder og Rogaland for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for Jæren og Agder og Rogaland andre bygder, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvart fylke, men for regionene. Alle dei økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

2 Driftsresultatet for jordbruket i Rogaland og Agder 2016

Hovudtendens:

- Bøndene på Jæren oppnådde høgast jordbruksinntekt i landet.
- Uendra jordbruksinntekt for bøndene i Agder og Rogaland utanom Jæren

Jordbruksinntekta til jærbøndene auka med 8 prosent frå 2015 til 2016, og Jæren var den regionen som oppnådde høgast jorbruksinntekt dette året. I middel vart jordbruksinntekta til bøndene på Jæren kr 400 2000 per årsverk. I resten av Rogaland og Agder¹ var jordbruksinntekta nær uendra frå 2015 til 2016, med kr 301 400.

2.1 Jæren

Mjølkeproduksjon er den mest vanlege driftsforma på Jæren. Jordbruksinntekta på mjølkeproduksjonsbruka auka med 14 prosent frå 2015 til 2016, til 406 200 per årsverk. I gjennomsnitt hadde bruka i denne gruppa 38,8 árskyr, ein nedgang på 0,8 árskyr frå 2015. Omsett mjølk gjekk ned med 6 prosent til 252 300 liter. Det vart omsett 8 tonn storfekjøt, 0,5 tonn meir enn i 2015. Arbeidsinnsatsen gjekk ned med ca. 100 timer og var på 1,9 årsverk.

Produksjonsinntektene gjekk ned med 2 prosent. Mjølkeprisen auka med 31 øre for mjølkebruka på Jæren, og var i middel kr 5,77, medan prisen på storfekjøt auka med kr 2,08 for kukjøt og gjekk ned med 32 øre per kg for anna storfekjøt. Dei variable kostnadene gjekk ned med 15 prosent, medan dei faste kostnadene inkl. avskrivingar auka med 5 prosent. Av dei variable kostnadene, var det særleg forkostnadene som gjekk ned.

For andre år på rad var det låge nettoinvesteringar på mjølkeproduksjonsbruka på Jæren, berre kr 77 100 i 2016. Den langsiktige gjelda var om lag uendra på 3,9 mill. kr for desse bruka, medan rentekostnaden gjekk ned med 17 prosent.

Bruka med mjølkeproduksjon kombinert med svinehald på Jæren har hatt auke i jordbruksinntekta dei siste åra, og frå 2015 til 2016 auka jordbruksinntekta med 5 prosent til kr 594 500. Auka produksjonsinntekter og moderat kostnadsauke førte til inntektsauken.

Bruka hadde inntektsauke frå mjølkeproduksjonen, men nedgang frå svinehaldet. Særleg gjekk inntektene frå slaktegris ned. Prisane på mjølk og storfekjøt auka, mjølkeprisen med 12 øre per liter, pris på kukjøt med kr 2,73 per kg og anna storfekjøt (okse og kvige) med 1,16 per kg. For slaktegris var prisen uendra medan smågrisprisen gjekk ned med kr 133.

Årskutalet auka med 3 árskyr til 37,2 árskyr. Ytinga var 8 550 liter per ársku. Det vart omsett 286 000 liter mjølk og 8,8 tonn storfekjøt, inkludert kukjøt, 1 300 kg meir enn i 2015. Det vart omsett 62 900 kg slaktegris og selt 1 040 smågris. Arbeidsinnsatsen gjekk ned med knappe 100 timer i 2016, og var på 1,9 årsverk.

¹I driftsgranskningane er jordbruket i Rogaland og Agder delt inn i to regionar; «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder».

Nettoinvesteringane på desse bruka vart på kr 1 141 600 i 2016. Det var låg nettoinvestering på desse bruka dei to føregåande åra, men det har også tidlegare vore investert mykje. Det vart i hovudsak investert i driftsbygning. Gjelda auka med om lag ein mill. kr til 8,2 mill. kr.

Det er få bruk i denne gruppa, og endringar på enkeltbruk kan gje store utslag for gruppa.

Av dei samla inntektene til familien på Jæren, utgjorde driftsoverskotet frå jordbruken 56 prosent, 2 prosentpoeng meir enn i 2015. Tilleggsnæringer utgjorde 4 prosent, og lønsinntekt 33 prosent. Resten av inntekta er skogbruk, anna næringsinntekt utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter.

Nettoinvesteringane var i middel kr 171 600 for alle jærbøndene i 2016. Det er høgare enn landsgjennomsnittet som var på kr 150 700.

Samla gjeld var uendra frå 2015 og var på 5,4 mill. kr per bruk. Rentekostnaden gjekk ned med kr 22 500 til kr 157 000.

Maksimalt jordbruksfrådrag var kr 166 400 i 2016. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruken på Jæren kr 429 200 per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde 29 000 per årsverk på Jæren. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla frå driftsgranskingane.

2.2 Agder og Rogaland utanom Jæren

For mjølkeprodusentane i Agder og Rogaland utanom Jæren, auka jordbruksinntekta med 1 prosent frå 2015 til 2016, til kr 301 400 per årsverk. Årskutalet auka med 1,3 til 24,1 årskyr. Ytinga per årsku var 7 200 kg, omsett mjølk auka med 3 prosent til 157 100 liter. Mjølkeprisen auka med 24 øre per liter, til kr 5,54. Produksjon av storfekjøt gjekk ned med 270 kg, og prisen på storfekjøt (utanom ku) auka med kr 1,32 per kg. Arbeidsinnsatsen auka med 4 prosent til 1,9 årsverk. Produksjonsinntektene auka med 4 prosent. Dei variable kostnadene var uendra, og dei faste kostnadene auka med 7 prosent frå 2015. Nettoinvesteringa har vore høg dei tre siste åra, og var kr 224 200 i 2016.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald i Agder og Rogaland utanom Jæren oppnådde ei jordbruksinntekt på kr 301 000 i 2015, det er nært uendra frå 2015 og det same som dei reine mjølkeproduksjonsbruken i regionen. Bruka med mjølk og sau hadde 18,5 årskyr og produserte 7 300 kg mjølk per årsku i 2016. Det vart omsett 122 200 liter mjølk. I tillegg hadde produsentane 143 vinterföra sauer og dei produserte 3 200 kg lammekjøt.

Nedgang i prisen på lammekjøt med kr 5,30 per kg og uendra mjølkepris gjorde at husdyrinntektene berre auka med 3 prosent sjølv om produksjonen auka. Mjølkeprisen var kr 5,27 per liter og prisen på lammekjøt kr 54,31 per kg. Tilskota auka med 4 prosent, og saman med moderat kostnadsauke og nedgang i arbeidsinnsatsen, førte det til uendra årsverksinntekt for denne gruppa.

Arbeidsinnsatsen gjekk ned med 180 timer frå 2015 og var på 1,8 årsverk i 2016.

Bruka i denne gruppa har investert mykje i driftsbygningar, maskinar og reiskap dei siste åra. Også i 2016 var nettoinvesteringane høge med kr 629 500.

Jordbruksinntekta for bruk med einsidig sauehald i Agder og Rogaland andre bygder vart kr 154 600 i 2016. Det er ein auke på heile 40 prosent frå 2015. Bruka hadde i middel 175 vinterföra sauer, 13 fleire enn i 2015, med ein produksjon på 5,2 tonn sau- og lammekjøt, 1 tonn meir enn i 2015. Prisane gjekk ned både for sau- og lammekjøt, med høvesvis kr 1,04 og kr 4,54 per kg. Bruka oppnådde likevel ein høgare pris per kg lammekjøt enn bruken med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald, med kr 56,32 per kg. Produksjonsinntektene auka med 8 prosent, medan dei variable kostnadene gjekk ned med 2 prosent og dei faste kostnadene inkl. avskrivingar auka med 8 prosent. Nettoinvesteringa vart negativ for desse bruken i 2016. Når nettoinvesteringa er negativ, vert ikkje produksjonsapparatet fornya i takt med slitasjen.

Driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde 45 prosent av familiens samla inntekter i middel for alle brukar frå Agder og Rogaland andre bygder, ein auke på 2 prosentpoeng frå 2015. Tilleggsnæringer utgjorde 8 prosent, og lønsinntekt utgjorde 38 prosent av familiens samla inntekter. Resten av inntekta er skogbruk, anna næringsinntekt utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter.


Nettoinvesteringane var høge også i 2016, med kr 360 600. Samla gjeld auka til 3,9 mill. kr, ein auke på 12 prosent. Rentekostnadene auka med 2 prosent til kr 107 900.

Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for brukar frå dei andre bygdene i Rogaland og Agder kr 333 500 per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde 32 100 per årsverk.

2.3 Samla oversikt for 2016

Tabell 2.1 Samla oversikt over driftsoverskot per bruk, jorbruksinntekt og skattekorrigert vederlag per årsverk. Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner. Jordbruksinntekt per. årsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen

	Tal bruks- areal	Inn- bruks- areal	Driftsoverskot per bruk		Jordbruksinntekt per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk		
			2015	2016	2015	2016	2015	2016	
	Rogal./Agder, alle	157	345	495 000	516 900	328 400	343 700	362 700	374 500
Jæren	Jæren, alle	62	343	623 800	652 200	371 600	400 200	405 300	429 200
	200-300 daa	14	261	551 700	712 100	400 100	479 300	442 500	511 600
	300-500 daa	24	380	710 000	580 300	347 100	336 900	378 900	362 700
	>500 daa	11	727	730 700	790 000	380 500	398 100	411 100	428 300
	Mjølk	19	366	662 900	710 200	356 500	406 200	391 100	438 200
Agder og Rogaland andre bygder	Mjølk/gris	10	386	1 127 100	1 133 300	566 200	594 500	601 100	623 400
	Andre bygder, alle	95	346	413 100	428 600	297 700	301 400	332 200	333 500
	100-200 daa	18	165	266 200	201 100	244 700	189 200	287 900	230 600
	200-300 daa	23	250	299 900	265 700	232 600	226 200	270 200	265 100
	300-500 daa	30	387	426 000	494 500	300 500	332 000	335 300	363 300
	>500 daa	19	648	652 200	665 100	314 100	321 200	342 700	346 800
	Mjølk	34	356	459 300	488 300	297 100	301 700	335 100	333 800
	Mjølk/sau	11	468	489 600	507 100	297 100	301 000	330 900	336 800
	Sau	14	270	94 534	127 000	110 700	154 600	141 900	190 300



Figur 2.2 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timer i perioden 2006–2015

Jordbruksinntekt er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarende den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er basert på eit tilfeldig utval av bruk frå heile landet. I 2016 var det i alt 920 bruk med i driftsgranskingane. Bruka frå Rogaland og Agder vert delte inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder». I alt var det med 62 bruk frå Jæren og 95 bruk frå resten av Rogaland og Agder-fylka. Utvalet av bruk som deltek, skal vere representativt for regionen.

Alle dei presenterte resultata er middeltal frå større grupper av bruk. Mindre grupper er ikkje presenterte, men er med i gjennomsnittstala. Det er stor spreiing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 157 brukene i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket har vore.


3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

3.1 Resultatmål i jordbruket


Driftsoverskotet er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke vederlag til familiens eigen arbeidsinnsats, eventuelt anna ubetalt arbeid og vederlag til både eigen og lånt kapital. Figur 3.1 viser at Jæren har hatt høgast driftsoverskot i løpet av 10 års perioden, sjølv om det har vore ein del variasjon over tid. Trass i lågare driftsoverskot i Andre bygder samanlikna med Jæren, har driftsoverskotet til Andre bygder i stor grad halde tritt med utviklinga i landsgjennomsnittet (heile landet). I perioden 2011 til 2014 har driftsoverskotet i Andre bygder vore høgare enn landsgjennomsnittet, medan det motsette har vore tilfelle i dei to siste åra.

Det er mjølkebruka på Jæren som har hatt den høgaste auken i 2016. Ein stor reduksjon i dei variable kostander bidrog hovudsaklig til denne auken. Når det gjeld bruka med mjølk og svin på Jæren, oppnådde dei det høgaste driftsoverskotet i middel på andre året på rad. Bruka med einsidig sauehald hadde det lågaste driftsoverskotet, med hadde likevel ein solid auke trass i lågare prisar på sau og lam.

I figur 3.2 kan vi sjå at av Agder-fylka hadde Aust-Agder det høgaste driftsoverskotet per bruk i perioden 2007-2013, medan Vest-Agder nådde det høgaste driftsoverskotet i per bruk sidan 2014. Av figuren kan ein sjå at driftsoverskotet i Vest-Agder har hatt ei positiv utvikling sidan 2009. Utviklinga i Aust-Agder har vore negativ sidan 2013. Dette er vanskeleg å peike på enkeltfaktorer som forklarer kvifor dei to Agder fylka har ulik utvikling over tid.. Rogaland har hatt ein meir variabel utvikling over tid, og følgjer i stor grad den same utviklinga som Jæren.




Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk i ulike område, 2007-2016.



Figur 3.2 Driftsoverskot per bruk i ulike fylke, 2007-2016.


Jordbruksinntekta er her definert som vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp) og forrenting av eigenkapitalen. Figur 3.3 viser gjennomsnittleg jordbruksinntekt for Jæren, Andre bygder og heile landet i perioden 2007 til 2016, medan figur 3.4 viser jordbruksinntekt for driftsformene mjølk og svin på Jæren, mjølk og storfe på Jæren, mjølk og storfe i Andre bygder samt mjølk og sau i Andre bygder i same periode.



Figur 3.3 Jordbruksinntekt, målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, Jæren og Andre bygder samanlikna med gjennomsnitt for landet, 2007–2016.

Jordbruksinntekta på Jæren har lege godt over landsgjennomsnittet i perioden 2007-2012, medan i 2013 var det liten skilnad på Jæren, Andre bygder og heile landet. Som vist i figur 3.10, så har Jæren hatt store investeringskostnader i forhold til dei andre landsdelane dei siste åra, noko som påverka resultatet deira. Investeringar fører ofte til betre resultat i åra etter investeringa. 2015 og 2016 ser ut til å ha vore svært gode år for Jæren.

Andre bygder har med unnatak av 2015 følgt utviklinga for landsgjennomsnittet med tanke på nivå, heilt fram til 2014. Medan Jæren har auka vederlaget til arbeid og eigenkapital, har Andre bygder og heile landet hatt ei negativ utvikling. Bruka på Jæren har brukt fleire arbeidstimar i 2016 enn tidligare år både i drifta og på nyanlegg. Auken når det gjeld timar i drifta, skuldast auka bruk av leigd hjelp. Same utviklinga gjeld også for Andre bygder. Endringane i driftsoverskotet forklarer ein stor del av årsaka i ulik resultatutvikling mellom regionane siste året.




Figur 3.4 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, for ulike driftsformer, 2007-2016.


Det er driftsforma mjølk og svin på Jæren som har hatt høgast jordbruksinntekt av dei presenterte driftsformene i tiårsperioden med unnatak av 2013, medan driftsforma mjølk og storfe i Andre bygder har hatt lågast jordbruksinntekt i same periode, sjå figur 3.4. I 2015 kan ein observere at jordbruksinntekta for driftsforma mjølk og svin, samt mjølk og storfe på Jæren hadde ein kraftig auke. Auken i 2016 har vore meir moderat. Auke i prisane på mjølk og storfekjøt, moderat kostnadsauke og nedgang i timetalet kan forklare auken i vederlaget for desse to driftsformene på Jæren. Driftsformene mjølk og sau, samt mjølk og storfe i Andre bygder har hatt ein liten nedgang, og ligg på same nivå når det gjeld vederlag til arbeid og eigenkapital. Redusjon i vederlaget for desse driftsformene kan forklara med kostnadsauke som utliknar auken i produksjonsinntekter, samt auka eller uendra arbeidsinnsats i jordbruket.

I figurane 3.5 og 3.6 under er lønsevne per time presentert. Lønsevne per time er arbeidsforteneste til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering. Kalkulasjonsrenta har lenge vore på tre prosent, medan renta var sett til to prosent i 2015 og 2016. Lønsevne per time var vore uendra på Jæren, medan det har vore ein nedgang når det gjeld Andre bygder og i heile landet, sjå figur 3.5. Dette har

ført til at forskjellen mellom dei to regionane har auka i løpet av 2016. Driftsforma mjølk/ svin på Jæren, samt mjølk/ storfe og mjølk/sau Andre bygder har hatt ein liten nedgang i lønsevna per time. Driftsforma mjølk/storfe på Jæren har derimot hatt ein auke i 2016.




Figur 3.5 Lønsevne per time, gjennomsnitt for landet, Jæren og Andre bygder, 2007-2016.




Figur 3.6 Lønsevne per time, ulike produksjonar, Jæren og Andre bygder, 2007-2016.

3.2 Totaløkonomi


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien (hushaldsinntekta) for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjoner, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår. Jæren har den høgaste nettoinntekta, og ligg høgare enn landsgjennomsnittet både i 2015 og 2016. I 2016 har nettoinntekta vorte redusert i alle områda, og det er i Andre bygder kor reduksjonen har vore mest markant. Reduksjonen i nettoinntekt i Andre bygder kan forklarast med lågare driftsoverskot i andre næringar, lågare kapitalinntekter og auka renteutgifter



Figur 3.7 Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med Landet, 2007-2016.



Figur 3.8 Prosentvis fordeling av samla inntekt i Jæren, 2007-2016.




Figur 3.9 Prosentvis fordeling av samla inntekt i Andre bygder, 2007-2016.

3.3 Nettoinvesteringar, gjeld og gjeldsprosent


Nettoinvesteringar er investeringar gjorde i løpet av året, minus avskrivinger, investeringstilskot og verdien av selde eide delar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Svingingar i nettoinvesteringar må sjåast i lys av rentenivået, forventningar til framtidig rentenivå, samt gjeldsgraden og lønsemada til gardsbruket. Sjølv om nettoinvesteringar ikkje inkluderer investeringstilskot, inngår slike tilskot i investeringsplanlegginga. Til ei viss grad vert derfor utviklinga i nettoinvesteringane påverka av tilskotsmidlar til landbruket

Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må difor vurdere nettoinvestering over tid. Figur 3.10 viser nettoinvesteringane fordelt på heile landet. Jæren og andre bygder i Agder fylka og Rogaland er dei landsdelane som investerer mest.




Figur 3.10 Akkumulerte nettoinvesteringar og nettoinvestering i 2016 for ulike landsdelar.

Investeringane i Andre bygder auka kraftig frå 2015. Sidan 2014 har investeringane vore høgare i Andre bygder samanlikna med Jæren. I perioden 2007 til 2013 har investeringane per bruk vore høgare på Jæren samanlikna med Andre bygder. Det var ein reduksjon når det gjeld investeringane på Jæren samanlikna med året før. Det vart i 2016 investert mest i driftsbygningar både på Jæren og i Andre bygder. I tillegg vart det investert i maskinar og reiskap, yrkesbil, traktorar samt jord, vegar, kvote, grøfter og vassanlegg.




Figur 3.11 Nettoinvesteringar per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet, 2007-2016.

Gjeld er her all gjeld til brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. Gjelda har vore aukande gjennom heile perioden, både for Jæren, Andre bygder og for landet fram til 2015, sjå figur 3.12. Når det gjeld Jæren kan ein observere ein liten nedgang frå 2015 til 2016, medan gjelda fortsett å auke når det gjeld Andre bygder og landet generelt. Dei to regionane i Agder og Rogaland ligg over landsgjennomsnittet, og i 2016 hadde bruka på Jæren i gjennomsnitt vel 5,38 millionar kroner i gjeld, medan bruka i resten av Rogaland og Agder hadde 3,88 millionar kroner i gjennomsnittleg gjeld.



Figur 3.12 Gjeld i gjennomsnitt per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet, 2007-2016.

Gjeldsprosenten viser kor stor del av eideleane som er finansiert med framandkapital. Bruka på Jæren hadde ein gjeldsprosent på 56 prosent i 2016, medan gjennomsnittet for Andre bygder og heile landet var på høvesvis 54 og 47 prosent, sjå figur 3.13. Gjeldsprosenten for Jæren og landet har gått ned med eitt prosentpoeng medan gjeldsprosenten for Andre bygder har auka med to prosentpoeng frå 2015 til 2016.



Figur 3.13 Gjeldsprosent per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet, 2007-2016.

3.4 Inntektsverknad av jordbruksfrådraget

Jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget vart innført i 2000 og har gradvis auka sidan då. I 2007 vart maksimalt frådrag auka frå kr 71 500 til kr 142 000, og har lege på same nivå til og med 2011. Frå 2012 har det maksimale frådraget vore på kr 166 400.

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatløfta i driftsgranskningane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatløfta. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektspolitikken i jordbruket, og i alminneleg inntekt vert jordbruksfrådraget gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemder eller driv med honning- og /eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

For 2016 gjaldt følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 63 500 var jordbruksfrådraget lik inntekta; ved næringsinntekt frå kr 63 500 og opp til kr 334 290 vart frådraget kr 63 500 pluss 38 prosent av all inntekt over kr 63 500. For å få maksimalt frådrag på kr 166 400, må næringsinntekta være lik eller høgare enn kr 334 300. Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skattelette vert 25 prosent av jordbruksfrådraget.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle brukarar i driftsgranskningane i 2016 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 133 148. Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget. Ei viss grad av tilpassing gjer at jordbruksfrådraget også kan påverke næringsinntekta då nokre bønder vel lågare avskrivningar for å få maksimal nytte av jordbruksfrådraget. Dette gjeld særleg bruk med næringsinntekt opp mot grensa på kr 63 500 eller grensa for maksimalt frådrag på kr 334 300.

Tabell 3.1 Jordbruksfrådrag 2016, region


Regioner	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruks-frådrag, kroner	Skattekortelse	Inntekts-verknad per årsverk
Austlandet, flatbygder	188	86	19	117 332	29 333	39 254
Austlandet, andre bygder	136	61	5	121 518	30 380	35 317
Jæren	62	41	5	136 599	34 150	29 019
Agder/Rogaland, andre bygder	95	53	6	136 472	34 118	32 077
Vestlandet	179	96	6	139 386	34 847	31 917
Trøndelag flatbygder	72	46	3	132 968	33 242	39 074
Trøndelag, andre bygder	77	53	3	144 420	36 105	34 477
Nord-Noreg	111	80	1	151 649	37 912	38 468
Alle	920	516	53	133 148	35 950	34 487

Tabell 3.2 Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstørrelse, i 2016

Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruks-frådrag	Skattekortelse	Inntekts-verknad per årsverk
Jæren						
100-200 daa	7	5	0	137 261	34 315	45 877
200-300 daa	14	7	1	126 544	31 638	32 282
300-500 daa	24	15	4	121 333	30 333	25 807
over 500 daa	11	10	0	165 384	41 346	30 182
Alle	56	37	5	136 599	34 150	29 019
Andre bygder						
100-200 daa	18	6	0	126 136	31 534	41 396
200-300 daa	23	10	3	125 862	31 655	38 889
300-500 daa	30	17	2	134 914	33 728	31 303
over 500 daa	19	16	1	155 678	38 919	25 589
Alle	90	49	6	136 472	34 118	32 077

Tabell 3.3 Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, i 2016

Driftsform	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag	Skattekreditering	Inntekts-verknad per årsverk
Jæren						
Mjølk	19	16	1	146 819	36 704	31 940
Mjølk-svin	10	8	1	139 506	34 786	28 930
Mjølk-sau	8	6	2	124 800	31 200	25 577
Andre bygder						
Mjølk	34	20	1	148 459	37 115	32 147
Mjølk-sau	11	9	0	162 803	40 700	35 747
Sau	14	3	2	97 852	24 463	35 663



Figur 3.14 Skattejustert jordbruksinntekt målt som skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital samanlikna med jordbruksinntekt før justering, 2007-2016.

4 Mjølkebruk med og utan mjølkerobot i Agder og Rogaland

I løpet av dei siste 15 åra har det blitt installert mange mjølkerobotor i Noreg. I august 2017 var det totalt 1 726 buskapar som hadde tatt i bruk mjølkerobot, som til saman utgjorde litt over 20 prosent av norske mjølkebruk i 2017. Trenden har vore sterkt aukande sidan ártusenskiftet, og det er nå fleire mjølkerobotor i bruk i Noreg samanlikna med dei andre nordiske landa²

I Agder og Rogaland er det fleire mjølkeprodusentar som har teke i bruk mjølkerobot i fjøset. Dei fleste av mjølkebruka med robot i regionen som var med i driftsgranskingane for 2016 var lokalisert på Jæren, men også andre delar av Rogaland og Agder-fylka var representerte.

I dette kapittelet vil vi sjå nærmare på arbeidsforbruket og økonomien bland mjølkeprodusentar både med og utan mjølkerobot. Vi vil samanlikna bruken med mjølkerobot med bruk med andre mjølkesystem slik som båsmjølking og mjølkegrav. I gruppa med andre mjølkesystem vel vi ut mjølkebruk med 30 árskyr eller meir, for å få ei best mogleg samanlikningsgruppe. I begge tilfelle ser vi på konvensjonelle bruk. Gruppa med mjølkerobot utgjer til saman 12 bruk, medan det er 9 bruk i gruppa med andre mjølkesystem.

Tabell 4.1 Produksjonstekniske data, mjølkebruk med robot og bruk med andre mjølkesystem

Arealfordeling og avling	Robot	Andre mjølkesystem	Skilnad	Per årsku robot	Per årsku andre system	Skilnad
Grovfør, daa	395,0	470,0	-19 %	10	13	-25 %
Anna areal, daa	4,0	1,0	75 %			
Jordbruksareal, daa	399,0	471,0	-18 %	10	13	-24 %
Leid areal	196,0	277,0	-41 %	5	7	-48 %
Grovfør, FEm pr daa	484	387	20 %	12	10	16 %
Husdyrproduksjon						
Tal árskyr	39,4	37,6	5 %			
Kumjølk, liter omsett	301 161	253 222	16 %	7 644	6 735	12 %
Mjølkekvote	308 257	266 120	14 %	7 824	7 078	10 %
Produsert mjølk pr årsku, kg	8 367	7 520	10 %			
Storfekjøt, kg omsett	8 039	8 681	-8 %	204	231	-13 %
Arbeidsforbruk, timer						
Sum familie	2 611	2 864	-10 %	66	76	-15 %
Leigd arbeid	789	1 246	-58 %	20	33	-65 %
Sum timer i jordbruket	3 400	4 110	-21 %	86	109	-27 %
Arbeid i anna verksemeld i alt	866	694	20 %			
Oppnådde priser						
Kumjølk, kr pr l	5,70	5,50	4 %			
Kukkjøt, kr pr kg	47,90	47,39	1 %			
Anna storfekjøt, kr pr kg	52,90	53,04	0 %			

Tabell 4.1 viser skilnaden når det gjeld produksjonstekniske data for dei to gruppene med ulike mjølkesystem. Av tabellen kan ein sjå skilnaden samla sett for dei to gruppene og per årsku.

²Kilde: Jøsang, Dag Idar, 2017, Norsk landbruk. Antallet melkeroboter øker i Norge, <http://www.norsklandbruk.no/nyhet/antallet-melkeroboter-oker-i-norge/>

Tabellen viser at bruka med robot har mindre areal per årsku, og at dei har mindre leigejord. Dessutan har bruka med robot ein del høgare avling per daa, men dette skuldast truleg at fleire bruk er lokalisert på Jæren i robotgruppa. Det er ingen skilnad i heimeavla før per årsku. Tal årskyr er nokså likt mellom dei ulike gruppene, med 1,8 fleire på robotbruken enn på bruken utan robot. Robotbruken har høgare yting per årsku. Difor har bruken i denne gruppa meir omsett mjølk og høgare mjølkekvote. Dessutan blir produksjonen meir spesialisert ved at det vert produsert meir mjølk og noko mindre omsett storfekjøtt per årsku.

Det er også interessant å sjå på arbeidsforbruket i dei to gruppene. Bruken med robot brukte i snitt 710 færre timer samanlikna med bruken med andre mjølkesystem. Ser ein per årsku, er skilnaden på 23 timer. Det er særleg bruken av leigd arbeid som er ulik, men også for brukarfamilien er arbeidsinnsatsen ein del lågare for robotbruken samanlikna med den andre gruppa.

Tabell 4.2 Anleggsmidlar,eigedeler og gjeld mjølkebruk med robot og bruk med andre mjølkesystem

Anleggsmidlar i jordbruket	Robot	Andre mjølkesystem	Skilnad
Maskiner og traktor	935 843	907 518	3 %
Driftsbygningar	4 802 592	2 100 017	56 %
Grøfter og vassanlegg	39 067	41 243	-6 %
Innkjøpt mjølkekvote	707 600	463 660	34 %
Jord, vegar og fruktter	1 262 969	778 097	38 %
Sum	7 748 071	4 290 535	45 %
Eigedeler og gjeld			
Eigedeler i jordbruket	8 814 659	5 172 586	41 %
Eigedeler i alt	11 486 689	7 680 951	33 %
Kortsiktig gjeld	1 031 895	780 647	24 %
Langsiktig gjeld	5 060 299	4 213 418	17 %
Gjeld i alt	6 092 194	4 994 065	18 %
Eigenkapital	5 394 496	2 686 885	50 %
Eigenkapitalprosent	47	35	26 %
Arbeidskapital	322 175	90 266	72 %

Tabell 4.2 viser at ei oversikt over eigedeler, gjeld og eigenkapital i dei to gruppene. Robotbruken har i snitt meir innsett kapital i drifta enn dei med andre mjølkesystem. Elles har robotbruken meir gjeld som følgje av investeringar i driftsbygningar og robot. Sjølv om gjelta er høgare for dei med robot, har dei meir eigenkapital og høgare eigenkapitalprosent. Soliditeten er difor betre på robotbruken. Dersom ein ser nærmare på innsett kapital i jordbruket, ser ein at det i hovudsak er driftsbygningar, jord og vegar samt innkjøpt kvote som utgjør skilnaden mellom dei to gruppene. For dei andre postane er det mindre avvik. Det er høgare arbeidskapital i robotgruppa, som gjer desse bruken meir likvide samanlikna med den andre gruppa.

Tabell 4.3 Produksjonsinntekter og kostnader, mjølkebruk med robot og bruk med andre mjølkesystem

Inntekt og kostnader	Robot	Andre mjølkesystem	Skilnad	Per årsku robot	Per årsku andre system	Skilnad
Planteprodukt	33 701	7 089	79 %			
Husdyrprodukt						
Storfe, mjølk	1 717 878	1 392 802	19 %	43 601	37 043	15 %
Storfe, livdyr	98 383	100 747	-2 %	2 497	2 679	-7 %
Kuslakt	216 165	263 453	-22 %	5 486	7 007	-28 %
Anna storfeslakt	288 730	220 545	24 %	7 328	5 866	20 %
Andre inntekter, husdyrhald	4 543	6 326	-39 %			
Husdyrprodukt i alt	2 325 699	1 983 873	15 %	59 028	52 763	11 %
Tilskot						
Areal og beitetilskot	124 665	188 229	-51 %			
Produksjonstillegg, husdyr	146 717	152 914	-4 %			
Drifts og pristilskot	183 271	202 195	-10 %			
Refunderte avløysarutgifter	66 193	72 801	-10 %			
Anna tilskot	9 589	6 805	29 %			
Tilskot i alt	530 435	622 944	-17 %	13 463	16 568	-23 %
Produksjonsinntekter i alt	2 934 827	2 647 502	10 %	74 488	70 412	5 %
Variable kostnader						
Fôrvarer	669 776	564 884	16 %	16 999	15 024	12 %
Såvarer og gjødsel	99 995	109 008	-9 %			
Plantevern og konserveringsmiddel	20 315	15 166	25 %			
Andre forbruksartiklar mv.	147 816	122 806	17 %			
Kjøp av dyr	34 819	38 665	-11 %			
Sum variable kostnader	972 721	850 529	13 %	24 688	22 620	8 %
Faste kostnader						
Leidt arbeid	147 347	164 556	-12 %	3 740	4 376	-17 %
Drivstoff	28 673	48 645	-70 %			
Vedl.h. driftsbygningar	106 416	74 063	30 %	2 701	1 970	27 %
Vehl.h annet	106 094	104 890	1 %			
Avskr. driftsbygningar	277 231	125 910	55 %	7 036	3 349	52 %
Avskr. annet	115 637	106 812	8 %			
Leige av maskiner og bygninger	155 036	116 701	25 %	3 935	3 104	
Leige av kvote	48 659	27 326	44 %	1 235	727	41 %
Andre faste kostnader	217 004	216 361	0 %			
Sum faste kostnader	1 202 097	985 264	18 %	30 510	26 204	14 %
Kostnader i alt	2 174 818	1 835 793	16 %	55 198	48 824	12 %

Ser ein på inntektene frå husdyrprodukt, er det interessant å sjå på skilnadene mellom dei to gruppene. Det er høgare inntekter på mjølk og mindre på kuslakt per årsku for dei med robot. Når det gjeld kjøtinntekter og livdyromsetning, er det liten skilnad mellom gruppene. Dersom ein ser på inntektene frå tilskot, er det mjølkebruka med andre mjølkesystem som kjem best ut. Ein del av forklaringa ligg i at ein større del av robotbruka ligg i sone med lågare tilskotsats, som stor grad gjeld arealtilskot grovfør og distriktstilskot. Totalt sett er tilskota 23 prosent lågare per årsku for robotgruppa. Samla produksjonsinntekter er derimot høgare for bruken med robot på grunn av høgare mjølkeproduksjon.

Blant dei variable kostnadane er det verd å merke seg at robotbruka har høgare kostnader knytt til forkjøp. Noko høgare produksjon i høve til heimeavla før forklarer mykje av dette. Robotbruka har høgare variable kostnadalar, både samla og per årsku.

Kostnader til leigd hjelp og drivstoff er dei kostnadspostane som er lågare for robotbruken, samanlikna med dei med andre mjølkesystema. Lågare kostnad til leigd hjelp heng saman med lågare timebruk som vart nemnt tidlegare i kapitlet. Mindre bruk av drivstoff kan tyde på kortare kjøreavstand mellom driftssenteret og areala ein disponerer, eller at ein vel å bruke meir maskinleige. Målt per årsku brukar robotbruken i snitt kr 800 meir på maskinleige enn den andre gruppa. Elles er postane vedlikehald og avskriving på driftsbygningar som er vesentleg høgare for robotbruken. Dette må sjåast i samanheng med store investeringar i nye driftsbygningar og ikkje minst robotar. Dessutan har robotbruken høgare kvoteleige. Ei mogleg forklaring kan vere at robotbruken har trong for høgare mjølkekvote, slik at ein får høgare utnyttingsgrad og meir effektiv bruk av roboten. I sum vert dei faste kostnadene 14 prosent høgare per årsku på robotbruken.

Med høgare variable- og faste kostnader vert samla kostnader 16 prosent høgare for robotbruken enn for bruken i samanlikningsgruppa, og 12 prosent høgare dersom ein samanliknar per årsku.

Tabell 4.4 Resultatmål og nettoinntekt, mjølkebruk med robot og bruk med andre mjølkesystem

Resultatrekning i jordbruket	Robot	Andre mjølkesystem	Skillnad	Per årsku robot	Per årsku andre system	Skillnad
Driftsoverskot	760 009	811 709	-7 %	19 290	21 588	-11,92 %
- Renter av jordbruksaktiviteter	174 389	100 457	42 %			
Familiens arbeidsforteneste	585 620	711 252	-21 %	14 863	18 916	-27,27 %
Familiens arbeidsforteneste pr årsverk	402 814	401 782	0 %			
Lønsevne	802 369	875 808	-9 %	20 365	23 293	-14,38 %
Lønsevne pr. time	215,11	213,11	1 %			
Vederl. til arb. og eigenkap	762 449	882 226	-16 %	19 351	23 463	-21,25 %
Vederl. til arb. og eigenkap. pr årsverk	413 735	396 086	4 %			
Rekneskapssamandrag						
Driftsoverskot, jordbruk	760 009	811 709	-7 %			
Driftsoverskot, tilleggsnæringer	79 730	13 695	83 %			
Driftsoverskot, andre næringer	22 636	15 328	32 %			
Lønsinntekt	149 568	188 380	-26 %			
Andre inntekter	78 379	18 114	77 %			
Renteinntekter	3 359	5 583	-66 %			
- Renteutgifter	179 570	139 323	22 %			
- Kårutgifter	4 050	3 089	24 %			
Nettoinntekt	910 061	910 397	0 %			

Robotbruken har høgare produksjonsinntekter og lågare timeforbruk, men også ein del høgare kostnader. Tabell 4.4 viser korleis desse skilnadene gjev utslag på dei ulike resultatmåla. Av tabellen kan ein sjå at driftsoverskot per bruk er høgst for gruppa med andre mjølkesystem. Det same gjeld familiens arbeidsforteneste og lønsevne. Dersom ein korrigerer for tal timar, og ser på resultatmål per årsverk eller per time, ser at det er små skilnader mellom gruppene. Ser ein på samla inntekt for brukarfamilien (nettoinntekt), er det ingen skildnad mellom dei to gruppene. Skilnaden mellom dei to gruppene ligg i kor brukarfamilene henter inntektene frå. Robotbruken har meir inntekt frå andre næringer i tillegg til høgare renteutgifter som følgje av investering i teknisk utstyr og driftsbygningar. Bruka med andre mjølkesystem har høgare inntekter frå lønnsabeid.

I dette kapitlet har vi sett nærmere på skilnader i økonomisk resultat og soliditet mellom mjølkebruk med robot og dei med andre mjølkesystem i Agder og Rogaland. Sjølv om ein i dette tilfellet har sett på eit relativt lite utval bruk, kan ein likevel trekke fram eit par interessante funn. Robotbruken har ein meir spesialisert produksjon retta mot mjølk og har lågare arbeidsforbruk samanlikna med mjølkebruk med andre mjølkesystem. Både inntekter og kostnader er ein del høgare på robotbruken, men resultatet per bruk er noko betre for bruk med andre mjølkesystem. Ser vi på resultat per time eller årsverk, er det små skilnader mellom gruppene. Robotbruken har også meir innsett kapital i drifta og høgare gjeld. Likevel har robotbruken betre soliditet ved at eigenkapitalprosenten er noko høgare enn samanlikningsgruppa. Dessutan har robotbruken høgare abeidskapital og betre likviditet samanlikna med dei med andre mjølkesystem.

5 Tabellsamling 2012-2016

Tabellsamlinga inneholder tabellar med tal fra driftsgranskningane for åra 2011–2015. Det er presentert tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Det er følgjande hovudtabellar:

1. Fylkestal, Rogaland
2. Fylkestal, Vest Agder
3. Fylkestal, Aust Agder
4. Jæren, alle bruk
5. Jæren, storleiksgruppe 3(100–199 daa), alle driftsformer
6. Jæren, storleiksgruppe 4(200–299 daa), alle driftsformer
7. Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer
8. Jæren, mjølkeproduksjon og storfeproduksjon
9. Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald
10. Andre bygder, alle bruk
11. Andre bygder, storleiksgruppe 3(100–199 daa), alle
12. Andre bygder, storleiksgruppe 4(200–299 daa), alle driftsformer
13. Andre bygder, storleiksgruppe 5(300–500 daa), alle driftsformer
14. Andre bygder, mjølkeproduksjon og storfeproduksjon
15. Andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald
